

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36

Fylke: Sogn og Fjordane.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Eid i Nordfjord.

Emne: Helsing, fakter og åtferd.

Bygdelag:

Oppskr. av: O. Skipenes

Gard: nr. 10.

(adresse): Nordfjordeid.

G.nr. 10 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter det eg sjølv har røynt
og spurt ut.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Helsing, fakter og åtferd.

Ja og nei svarar ein med ord, men i fart og ansemd og til einkvan som er tunghøyrd, nyttar ein ofte ei rørsle med hovudet såleis at "ja" vert nikking opp og ned ein eller to gonger. "Nei" vert derimot ei tverrørsle eit par gonger. "Nei" kan også påvisast med underarmen horisontalt og lodret underarm svingande brått att og fram. Er underarmen "planta"rett opp, tyder det stå still, svingar ein han derimot nokre gonger framover, tyder det "kom" eller "gå". Kanskje har bygdefolk fått noko av dette frå det militære.

Då det for 50-60 år sidan var lite framandfolk på ferð i bygda, helsa dei gamle både på kjende og ukjende, kanskje helst med ønske om å få vita kven dei ukjende var og kvar dei kom ifrå.

Det kan nok vera at hat og huve vart lyft på meir vyrdeleg vis og utan mange ord dersom ein møtte skrivaren, presten eller ein "snorlagd" offiser. Jamlikarar mellom bygdefolk sa helst berre "god dag" utan å triva til hatten. Møtte ein mannsperson ei kvinne, letta han gjerne på hatten og hadde eit "goddag" attåt, det vere seg yrke eller helg. (Ein har sett tullingar brukka begge hender på hatten til helsing eller og stikka huva under armen, kanskje og med ein handklapp på herda åt oberst eller general som stod på gata i prat.)

kjennings som møttest etter lengre skilnad, ville gjerne handhelsa. Kyrkjefolk som sette seg i stolane, handhelsa på eit par av dei som sat nærmast ved på høgre og venstre side. Kom ein på vitjing, helsa ein på alle i huset. Ringing og klokkeklemt frå kyrkje og gravplass gjorde at folk instinktvore retta seg opp frå arbeidet, ikkje nett for di det skulle så vera. Ein såg møtande person stå med hatt i hand på vegkanten til gravfylge var gått framom. Var det eit bryllaupsdag, helsa han helst berre på brud og brudgom når han kom så langt, han stansa ikkje.

Til pkt. 13.

Det er så stor ein skilnad på bruken av dese orda no og for ei lo- 20 år sidan. Då sa ein "gomårn" når det var morgen, vinters tid til det vart dagsljost. "God dag" sa ein så lenge det var ljost. Når myrkret fall på, vart det "godkveld". Leid det fram mot liggetid, sa ein "god natt". - "God middag" har kome til i seinare tid, besteforeldra våre brukte det ikkje. No for tida slurvar folk mykje med helsingorda. Det vert såleis "gomårn" like til kveldscimma sig på. Bygdefolk som skilet, seie helst "far vel" kva tid på døgret det enn er. Men frå Møre har vi fått inn dette keivelege "vær no ha det", d.e.: "du får no ha det så bra." og tankeløyser tek til å bruka det.

"God aften" vert nytta berre av dei "fine", og det er her ikkje så mange av no. "Efta" er ukjent og ubrukt her. Ein skyr ei helsing som ikkje er rett, folk vil til vanleg ikkje bruka usmakelege ord.

Til pkt. 17.

Dei 6 helsingsord som her er nemnde, vart alle nytta av foreldra og besteforeldra våre. "Guds fred" sa dei eldre så ofte for ei 50 år sidan når dei steig innom døra i grannestova no og då, helst lenge mellom kvar gong. Men denne helsinga hører vi aldri no. Dei 5 andre helsingsorda vert endå nytta, om ikkje nett av ungdomen så mykje. "Gå i fred", "stå i fred" og "sit i fred". "Velkommen til" sa dei som kanskje stod i samrøde når det kom endå ein i lag med dei, og "velkommen etter" om einkvan var litt seinare enn hine. "God dag i stova", "god dag her" vert også nytta av eldre som har kome inn på tun eller inn i gang og har helsa der fyret. "Velkommen te(til)" seier ein ikkje så sjeldan, og "godt mot(møte)!" når ein treffest på ferdaveg.

Korkje born eller voksne gjekk inn i annan manashus utan å banka på døra, ein ~~si~~ det for usømd elles. Dei som var inne sa alltid "kom inn", det vart til berre "kom", og no er det ofte "ver så god".

Den framande vert stående ved døra til ein stol er sett fram. "Sjå du får sitja", "gjer så vel sit" lyder no liksom før. Vart det sett mat fram, lydde det "set deg inna(r) om, gjer så vel". Hatt eller huve kom av straks ein var inne, no helst ute i gangen. - Var det radt framande som kom inn, var dei vel "gjennomlyste", det var granskande augnekast og litt stiv og vyrdeleg tone i helsinga. "Er framandt folk ute og fer", "har du vunne deg så langt" vart det sagt til ein kjend som kom heller langt burte frå.

Innbedne gjester vart helsa velkomne, kanskje alt ute på tunet om så var at dei kom køyrande. Gardsdrengen tok hesten til stallen og husbondesfolket fylgte gjestene inn. Etter eit innstig så snoggast, så ein "far vel" frå begge sider, "komsnart att" eller "velkommen att" kunne ein også høyra. - Avskilsorda for lang tids burtevere og for sista gong vart ikkje mange. Vart folk nokor tid fåmælte, så var det då. "Fare no vel", "far vel" og "far varleg" kunne foreldre seia, og "Vår Herre vere med deg" kunne vera ord frå ei gamal bestemor.

Ein dulde kjenslene sine, for aldri med kyssing, gjer nokon det no på brygge eller båt, vert det helst eit bisn. - Når vesle-gjenta sat på mors fang, hende det nok at dei to leika "byte nase". Foreldre "stal" ikkje nasa åt barnet, men det hende at dreng eller terne gjorde det for ap.

"Til lukke", "TIL LUKKE MED DAGEN" (dagja, dativ) sa ein på årsdagen åt einkvan, på konfirmasjonsdagen og bryllaupsdagen, sameleis 17. mai. Elles lydde det "god jul", godt nyttår" før som no. Var det ein "nyføding" i huset, vart det sagt "til lukke med småen" så som ein endå seier.

Før var det skikk at born i mange heimar hadde lært å seia "De" og "Dykkar" først og framst til far og mor og besteforeldre, og seinare vart det lett for dei å seia "Le" til kven som helst eldre dei møtte ute. Såleis har eg sjølv frå barneår sagt det. Men det er ikkje lenge sidan eg høyrdie ein mann i Davik seia "han" til meg. "Kva tid skal han fara". Dette har vore sagt også her i Eid, no høyrdie ein det ikkje meir.